
Saksnr: 2021/5805-3
Saksbehandlar Ingrid Holm Svendsen
Dato: 10.09.2021

Til: Fylkesutvalet
Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkeskommunedirektøren

Organisasjonsgjennomgang - løypemelding

Fylkeskommunedirektøren viser til følgjande vedtak i samband med budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024:

«Fylkestinget syner til administrativt innsparingsprogram som tilrår ei innsparing i administrative kostnader i 2021 på 30 mill. kr. Fylkesrådmannen skal konkretisere dei ulike innsparingstiltaka framover. Som grunnlag for å konkretisere innsparingstiltaka skal fylkesrådmannen med ekstern bistand gjennomgå Vestland fylkeskommune si organisering for å sikre ein tenleg og effektiv organisasjonsstruktur, regional balanse og merksemd på digitalisering. Organisasjonsgjennomgangen skal mellom anna vurdere;

- *organisasjonsstruktur inkl storleiken på seksjonar/einingar, kontrollspenn og omfang av lokale stabsfunksjonar inkl merkantile ressursar*
- *fordeling av ressursar og ansvar/oppgåver mellom sentrale og lokale stabsfunksjonar i administrasjonen og ytre einingar*
- *organisatorisk effektivitet knytt til noverande innretting med delte kompetansemiljø versus geografisk samling av ulike fagmiljø («Center of expertise»)*
- *område med potensiale for digitalisering*

Det er ein føresetnad at tiltak gjennomførast i dialog med tillitsvalde og innanfor arbeidsmiljølovens ramme og det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført.»

Fylkeskommunedirektøren har engasjert konsulentselskapet PwC til å bistå i dette arbeidet. Oppdraget er delt i fire leveransar med følgjande innretting:

- Delprosjekt 1: Gjennomgang av sentrale og lokale stabsfunksjonar
- Delprosjekt 2: Gjennomgang av digitaliseringspotensial
- Delprosjekt 3: Gjennomgang av fagavdelingane
- Delprosjekt 4: Gjennomgang av administrativ drift og stabsfunksjonar ved dei vidaregåande skulane og rettleiingstenestene

Dei to første delrapportane ligg no føre og er lagt ved denne orienteringa.

Kort om delprosjekt 1: Gjennomgang av sentrale og lokale stabsfunksjonar

Rapporten vurderer sentrale og lokale stabsfunksjonar, med særleg merksemd på dei to sektorovergripande stabsavdelingane:

- strategisk utvikling og digitalisering
- organisasjon og økonomi

Rapporten peikar på aktuelle tiltak og handlingsrom som kan utvikle verksemda vidare, m.a. inneheld rapporten tilrådingar for organisering av verksemda, t.d. prinsipp for å løyse samfunnsoppgøret best mogleg, struktur og roller. I tillegg gjev PwC tilrådingar til vidare innretting av drifta innan tenestemråda til stabane.

Tilrådingane som PwC kjem med, er m.a. basert på innspel frå leiarar og medarbeidarar i organisasjonen. Alle seksjonsleiarane i dei to stabsavdelingane, alle avdelingsdirektørane, stabsleiarar og representantar for medarbeidarar, tillitsvalde og verneombod har vore intervjuet. I tillegg er det etablert ei digital forslagskasse på intranett, der alle tilsette har hatt høve til å kome med innspel.

Kort om delprosjekt 2: Gjennomgang av digitaliseringspotensial

Som del av arbeidet med delprosjekt 2 er det gjennomført ein analyse av kor digitalt moden organisasjonen er. Det er gjort vurderingar av leiings- og organisasjonsperspektivet så vel som medarbeidarperspektivet. Analysen viser at fylkeskommunen har stort potensial for vidare forbetring og utvikling når det gjeld å digitalisere oppgåver og tenester.

Rapporten vurderer kva potensial det er for vidare digitalisering innanfor dei ulike avdelingane. Alle stabs- og fagavdelingane er gjennomgått, og PwC peikar på konkrete område og tiltak som bør prioriterast framover, både konsernovergripande tiltak og meir avdelingsspesifikke tiltak.

Vidare arbeid

Delprosjekt 3 og 4 skal gjennomførast hausten 2021. Rapportane frå desse gjennomgangane er venta å liggje føre på nyåret 2022. Fram til den samla oversikta ligg føre, vil det verte arbeid parallelt med ulike prosessar i organisasjonen.

Fylkeskommunedirektøren vil saman med toppleiargruppa og HR-funksjonen avklare overordna organisasjonsprinsipp for verksemda, medan dei to stabsavdelingane strategisk utvikling og digitalisering og organisasjon og økonomi vil gje sine tilrådingar basert på forslaga i rapporten etter delprosjekt 1. Dette vil bli nærare samstemt med fagavdelingane.

Forslag om evt. justeringar og tilpassingar i organisasjonen vil bli drøfta med dei hovudtillitsvalde og verneomboda og lagt fram for det sentrale arbeidsmiljøutvalet. Administrasjonsutvalet og fylkesutvalet vil få løypemeldingar undervegs. Fylkeskommunedirektøren har som mål at aktuelle tiltak vert implementert frå årsskiftet 2022 og utover.

Fylkeskommunedirektøren vil leggje fram ei samla orientering om organisasjonsgjennomgangen til fylkestinget i løpet av 1. halvår 2022 når alle delrapportane ligg føre og aktuelle tiltak er nærare avklart.

Fylkeskommunedirektøren arbeider samstundes med andre tiltak for å utvikle og effektivisere organisasjonen og byggje felles kultur og identitet. Døme på dette er arbeidet med administrativt innsparingsprogram, oppfølging av medarbeidarundersøkinga, nytt leiarutviklingsprogram og fellesskulering av leiarar, tillitsvalde og verneombod om samhandling og praktisering av medråderetten. Det er tidlegare utarbeidd ein strategi for digitalisering med tilhøyrande tiltaks- og aktivitetsplan. Denne vil bli samordna med delrapport 2 frå PwC og lagt til grunn for det vidare digitaliseringsarbeidet.